

## Budsjett for 2025

Den politiske situasjonen er endra, og den er i endring. Me må vera budde på ein annan virkelighet enn den me har hatt i seinare år. Stikkord: Trump; fornybardirektivet; regjeringsbrotet. EU-debatten kjem opp igjen, straumpolitikken kan bli sentral i valkampen som kjem, det kan bli EU-debatt. Me må vera klare for, og i stand til, å omprioritera raskt.

Mye av debatten vil gå i presse og TV. Me kan skriva innlegg, men er langt frå garantert å få innlegga på trykk. Me ka vera aktive på sosiale media. Eg trur det er viktig at me på nytt er på gata, møter folk på stands og sprer vår eigen informasjon.

Har me folk som kan skriva innlegg til pressa — og som får dei på trykk? Har me folk som er aktive på sosiale medium? Har me folk som kan stå på stands, har me aktuell informasjon, og har me økonomi til å skaffa både gammal og ny, oppdatert informasjon? Det siste trur eg er spesielt viktig: me treng store mengder informasjon, spesielt ny informasjon me sjølv produserer. Me må ha ein romsleg pott til informasjon.

Det er også viktig at me raskt kan hjelpa til å finansiera andres verksemd. Då tenker eg på UMEU, fagleg utval i Nei til EU, bidrag til slikt Nei til EU vil setta i gang, søknader frå lokallag eller frå samarbeidspartnarar. Då må me ha ein romsleg pott til løyvingar. Og aller viktigast: me må ha store midlar i bakhand, i tilfelle det blir tillyst ny folkerøysting. Me har ein drøy million på beredskapskontoen, den bør aukast.

Eg går ut frå same inntekter som i fjor. Kanskje får me mange nye medlemmer når debatten blussar opp, men det legg eg ikkje inn i budsjettet. Eg reknar derfor med samla inntekt på 240 000 + 80 000 (anslag for kontingentoppgjeret 4. kvartal), til saman 320 000.

Utgifter:	<u>2024</u>	<u>2025</u>
- årsmøte	7 382	8 000
- styremøte	20 120	20 000
- sentrale arrangement	31 494	30 000
- rom for løyvingar	88 054	100 000
- informasjon	19 382	100 000
- stands, marknader, utstyr	30 867	17 000
- annonsar, bedriftsnett, ymse	5 886	5 000
<hr/>		
samla utgifter	203 185	280 000
- overskot (til beredskapskontoen)		40 000
<hr/>		
		320 000

Er beløpet til stands, marknader og utstyr sett for lågt? Er det betre å setta av litt mindre til informasjonsmateriell og ha litt meir disponibelt til stands? Eventuelt ha frihet til å sjonglera mellom dei postane?

Leiv